

Saksbehandlar: Ida-Beate Mølmesdal, Fylkesrådmannen
 Sak nr.: 16/3972-27

Planprogram til Regional plan for klima og miljø - godkjenning

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding/gjere slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtek planprogram for Regional plan for klimaomstilling (vedlegg 1) med dei endringane som er vist i punkt 4 i saksframstillinga, jf. Plan- og bygningslova § 4.1. Planprogrammet vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med planen.

Vedlegg:

- 1) Høyringsutkast planprogram
- 2) Oppsummering innspel
- 3) Aktivitetslogg under høyringsperioden

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Innkomne innspel (kommenterte i saka)

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

I møte 02.11.2016 (sak 111/16), vedtok FU å leggje utkast til planprogram for ny klimaplan ut på høyring. Høyringsfrist var 02.01.2017. Totalt kom det 15 fråsegner til planprogrammet.

Tilbakemeldingane til planprogrammet har hovudsakleg vore positive. Mange av tilbakemeldingane er «generelle», og referer ikkje til spesielle deler av planprogrammet. Fleire av høyringspartane stiller seg òg positive til å delta i arbeidet vidare, og vil gjerne bli invitert med i planrelaterte aktivitetar eller samlingar. Dette tek vi med oss i det vidare arbeidet.

Fråsegnene er summerte opp vedlegg 2. Etter fylkesrådmannen si vurdering gjev nokre av innspela grunnlag for mindre endringar i planprogrammet, jf. pkt. 4 under. Endringane i planprogrammet vert innarbeidde etter vedtak i FU.

2. Bakgrunn for saka

I regional planstrategi (RPS) er klimautfordringane løfta fram som ein av fem hovudutfordringar for fylket. Revidering av gjeldande fylkesdelplan for klima og miljø er sett som prioritert planarbeid i perioden 2016-2020.

I møte 2.11.16 vedtok FU å leggje utkast til planprogram for ny klimaplan ut på høyring. Høyringsfrist var 2. januar. Det kom det inn 15 høyringsuttaler til planprogrammet. Fråsegnene er summerte i eige vedlegg. Etter fylkesrådmannen si vurdering gjev nokre av innspela grunnlag for endringar. Endringane i planprogrammet vert innarbeidde etter vedtak i FU.

I høyringsperioden har høyringsutkastet vore presentert i ulike fora. Planprogrammet er presentert i den tverrfaglege klimagrappa, i leiargruppa, under klimadagen for fylkespolitikarane, i planleggar-nettverka, i ungdomspolitisk utval og KS sin haustkonferanse.

3. Vurderingar og konsekvensar

Under er høyringssvara sortert etter tema, skjematisk oppsummering ligg som vedlegg 2.

OMGREPET «KLIMAOMSTILLING»

Statens Vegvesen: Figuren på side 9 i planprogrammet bør endrast for å vise ein breiare definisjon av klimaomstilling. Klimaomstilling er både klimagassreduksjon, klimatilpassing og samfunnsendring.

Fylkesmannen: Omgrepet dekker både utsleppsreduksjon, karbonbinding, og tilpassing til eit endra klima.

Kommentar og framlegg til endring/ar i planprogram:

Fylkesrådmannen foreslår å endre figuren på side 9, slik den er vist under, slik at det blir ei breiare definisjon av klimaomstilling.



UTFORMING AV PLANPROGRAMMET

Klima- og miljøklassen ved Firda VGS: Klassen oppfatta planprogrammet som vagt og komplisert, og oppfordra til at planen bør vere konkret, handlingsretta og forståeleg. I tillegg hadde dei ynskje om at vi nytta oss av uttrykket fylkesdelplan i staden for regional plan.

Stryn kommune: Planprogrammet ber ikkje preg av at vi har slik hastverk som vi har. Kommunen saknar også ei oversyn over stoda for klimaplanlegging i kommunane.

Kommentar og framlegg til endring/ar i planprogram:

Planprogrammet er eit politisk dokument, og er kanskje utforma med eit noko for fagleg språk. Fylkesrådmannen tek med seg tilbakemeldingane i arbeidet vidare med utforming av planen. Sjølve planen med tilhøyrande handlingsprogram vil vere meir konkret enn planprogrammet. Språkbruk og korleis vi ordlegg oss i møte med ungdom vil bli handsama i 4.3.7 Klimakunnskap og klimakommunikasjon.

Omgrepet regional plan vert brukt då det er slik det er definert i plan- og bygningslova (2008). Fylkesdelplan var i bruk tidlegare, jf. Plan- og bygningslova 1985.

Stryn kommune har rett i at vi har dårleg tid. Fylkesrådmannen tek med seg dette i arbeidet vidare med planen. Oversikt over klimaplanane i kommunane er laga, og vil inngå som ein del av kunnskapsgrunnlaget.

Fylkesrådmannen ser det ikkje som nødvendig å gjere endringar i høyringsutkastet på dette temaet.

GENERELLE TILBAKEMELDINGAR

Fylkesmannen: Positive til at det blir utarbeidd ein regional plan for å sikre ei felles og heilskapleg klimaomstilling i fylket, men også til å delta i arbeidet. For å sikre framdrift, forankring og oppslutnad meiner dei planen i hovudsak bør innrettast som eit praktisk rammeverk som skildrar korleis ein kan koordinere relevante aktørar, satsingar, datakjelder og beste praksis.

Koordinering av tilgjengelege ressursar gjennom eit mest mogleg operativt styringsdokument kan vonleg bidra til å auke forankring og engasjement på tvers av sektorar og fagområde, samstundes som ein får tilført heilskaps- og utviklingsperspektivet som trengs innan klimaområdet.

Regional plan er meint å gi retning og relevant informasjon for klimaarbeidet i kommunane. Vi meiner heilskapstanken som ligg bak klimaomstilling tilseier at målsetjinga bør vere at kommunane integrerer klimaomsyn i overordna planverk og prosessar.

Fylkesmannen meiner det er gode muligheter for å koordinere kunnskapen og kompetansen som finst for å gjere SFJ smartare, grønare og tryggare.

Ein bør i størst mogeleg grad dra nytte av eksisterande kunnskapsgrunnlag og plandokument som t.d. Fylkes-ROS og vedteken Verdskapsplan.

Målsetjinga må vere at klimaomstillingsplanen skal bidra til å gjere Sogn og Fjordane smartare, grønare og tryggare.

Klima- og miljøfagklassen på Firda VGS: Peikar på at det er viktig at klimaarbeidet ikkje råkar det biologiske mangfaldet og øydelegg naturverdiar og matjord.

HAFS Regionsråd: Positive til framlagt planprogram.

Sogn og Fjordane 4H: Meiner planprogrammet legg opp til ein god og ryddig prosess. Håper FK prioriterer ressursar til å lage ein god plan og gå føre som eit forbilde i klimapolitikken. 4H ynskjer å bidra vidare i prosessen.

Bjergvin bispedøme: Positive til planprogrammet. På dette området må alle samfunnsaktørar, også kyrkja, gjere sitt. Ynskjer alt godt i arbeidet med klimaplanen og vil gjerne gjere sitt for å få dette så godt som mogleg.

Ungdomspolitisk utval (UPU): Oppmodar om at fylkeskommunen må utarbeide målbare klima- og miljøstrategiar for den fylkeskommunale drifta, og ikkje minst for innbyggjarane i fylket. Viktig med konkrete tiltak. Eks. meir pengar til ladestasjonar, utsleppsfri kollektivtransport, kjelde-sortering i alle kommunar osv.

UPU ynskjer å følgje prosessen vidare, gjerne bli invitert til møter/arrangement knytt til klimaplanen.

Kommentar og framlegg til endring/ar i planprogram:

Tilbakemeldingane på planprogrammet har hovudsakleg vore positive. Vi tek med oss innspela om å ville bidra i planarbeidet, og vil gjerne invitere til aktivitetar og/eller samlingar.

Fylkesrådmannen ser det ikkje som naudsynt å gjere endringar i planprogrammet, men det vert viktig å ta med seg kommentarane vidare i planarbeidet. Tilbakemeldingane frå Fylkesmannen inviterer til eit godt samarbeid for å sikre ei felles og heilskapleg klimaomstilling i fylket. Overordna mål for den regionale planen er i følgje planprogrammet å *saman definere kva som skal til for å få til ei klimaomstilling i fylket, og korleis vi best bur oss på dei klimatiske endringane.* Fylkesmannen nyttar seg av uttrykket *smartare, grønare og tryggare.* Dette er ein god definisjon som truleg vil bli nytta i plandokumentet, då den godt summerer opp kva ei klimaomstilling er og kva det betyr for fylket.

I arbeidet med å få eit godt kunnskapsgrunnlag vil det som fylkesmannen påpeikar takast utgangspunkt i eksisterande kunnskapsgrunnlag. Den store oppgåva med klimaomstilling krev felles innsats. Å koordinere denne felles innsatsen vil vere ei viktig oppgåve for fylkeskommunen. Klimaplanen, med tilhøyrande handlingsprogram vil vere eit overordna og førande dokument for kommunane og samarbeidspartane. Fylkeskommunen vil òg vidareføre arbeidet med å spele inn klima og miljø som viktige tema i samband med overordna kommunalt planarbeid.

Fylkesrådmannen ser det ikkje som nødvendig å gjere endringar i høyringsutkastet på dette temaet.

GENERELT OM PLANTEMA

Ungdomspolitisk utval: *Meiner Plantema er godt formulert og viktig. UPU føreslår desse temaa i prioritert rekkefølge: 1) Klimakunnskap og klimakommunikasjon 2) Klimatilpassing 3) Energiforsyning og energibruk 4) Forbruk.*

Kommentar og framlegg til endring/ar i planprogram:

Fylkesrådmannen noterer seg dei viktigaste plantema etter UPU si meining. Det er likevel naudsynt å behalde alle dei føreslåtte plantema då vi treng å jobbe breitt for å kunne gjennomføre ei klimaomstilling i fylket. Det vil som eit minimum vere naudsynt å få dekkja utsleppsreduksjon, klimatilpassing og samfunnsendring, då vi tidleg i planprogrammet definerer dette som klimaomstilling. I planprogrammet er ikkje plantema rangert i prioritert rekkjefølgje, men som 7 like viktige tema som fylket må jobbe med for å klimaomstille seg. Det vert likevel lagt merke til at 4.3.7 Klimakunnskap og klimakommunikasjon vert rangert som viktigast for UPU.

Fylkesrådmannen ser det ikkje som nødvendig å gjere endringar i høyringsutkastet på dette temaet.

ENERGIFORSYNING OG ENERGIBRUK I BYGG

HAFS Regionsråd: *Peikar på potensialet for samlokalisering av vindkraft, bølgeenergi og framtidig hydrogenproduksjon i HAFS (særskilt Lutelandet i Fjaler).*

Bjørgvin bispedøme: *Jobbar med å gjennomføre ENØK-tiltak i kyrkjene. Dette er kostbare tiltak som lønner seg på lang sikt.*

Ungdomspolitisk utval: *Bør utbetre og effektivisere eksisterande energiproduksjon, i staden for oppretting av nye anlegg. Det må satsast meir på tidevatn og bølgekraft, hydrogen m.m.*

Privat: *Byggjeindustrien kan bli drivaren i det grøne skiftet. Bruk av alternative byggjemetodar og bygningsmaterial som massivtre vil kunne gje betre inneklima og mindre klimagassutslepp*

Kommentar og framlegg til endring/ar i planprogram:

Plantemaet skal inkludere meir enn tradisjonell vasskraft som energiforsyning og energibruk i bygg. Innspelet vil bli inkludert i kunnskapsgrunnlag og plan.

Fylkesrådmannen ser det ikkje som nødvendig å gjere endringar i høyringsutkastet på dette temaet.

AREAL OG TRANSPORT

Klima- og miljøfagklassen ved Firda VGS: *Det må leggest til rette for gode kollektivtilbod, og desse må vere billege og miljøvenlege. Ved å kartlegge bussbruken kan ein nokre stader erstatte dei store bussane med mindre, meir miljøvenlege bussar. Det bør gjevast stønad til forsøk med nye, miljøvenlege transport- og maskinløysingar, eks. elektrisk traktor-robotar tilpassa vestlandsjordbruket.*

Kystverket Vest: *Ynskjer at klimaplanen ser på moglegheiter for å overføre meir gods til kjøl, og leggje til rette for skipstrafikken slik at denne blir meir effektiv og miljøvenleg.*

Stryn kommune: *Kommunen har opplevd at fylkeskommunen ikkje støttar tiltak som reduserer klimautslepp i transportsektoren. Dei tek sikte på å starte opp eit prosjekt innan "klimavenleg areal- og transportplanlegging". Dette kan koplast mot fleire plantema i planen, og kommunen legg til grunn at dette prosjektet kan implementerast i regional plan for klimaomstilling. Oppmodar om å fokusere både på klimavenleg transport på sjø, og transport på land (som fylket har mykje av).*

Statens Vegvesen: *Naudsynt at arbeidet med RTP og klimaplan blir sett i samanheng. Planprogrammet bør seie noko meir om tilhøvet og samordninga mellom desse. Vegvesenet viser til plangrunnlaget for NTP 2018-29, samt klimastrategien, der transportetatane anbefaler at utslepp frå transportsektoren reduserast med tiltak innanfor fire område: 1) teknologi/drivstoff, 2) nullvekstmålet i byområda 3) effektivisering av godstransporten 4) utsleppskutt i bygging, drift og vedlikehald av infrastruktur. Spesielt dei to siste er lite omtalt i høyringsutkastet.*

Viktig at planen tek utgangspunkt i dei utfordringar og moglegheiter som er i SFJ, og at mål og tiltak blir tilpassa dette.

Oppmodar om å legge til grunn "nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging".

Privat: *Skuffa over tal hurtigladestasjonar for el-bil i Sogn. Oppmodar om at ein etablerer hurtigladestasjonar i Sogndal, Leikanger, Vik og Skei.*

Sogn og Fjordane SV: *Meiner det er viktig at arbeidet med klimaplanen og RTP blir samordna. Kan ikkje understreke nok at Regional plan for klimaomstilling ikkje kan stå lausriven frå det arbeidet fylkeskommunen elles driv med.*

Ynskjer tett samarbeid mellom fagfolka som skal utarbeide RTP og klimaplanen, slik at klimaomstilling vert eit viktig punkt i den regionale transportplanen.

Forsvarsbygg: *Føreset at Forsvaret sine arealbruksinteresser blir tatt hand om i planarbeidet.*

Kommentar og framlegg til endring/ar i planprogram:

Det er eit godt samarbeid på tvers av pågåande planarbeid i fylkeskommunen. Klima- og miljøutfordringane er viktige tema både i arbeidet med Regional transportplan (RTP) og Strategi for senterstruktur og tettstadsutvikling. Arbeidet med Regional transportplan vil styrkje arbeidet med plantema 4.3.2 Areal og transport. Hurigladestasjonar er tema i RTP.

I utarbeidinga av både RTP og ny regional plan for klimaomstilling vil vi ta utgangspunkt i statlege retningslinjer og korleis vi best mogeleg kan tilpasse dette fylket vårt, dette gjelde m.a. naturgitte føresetnader til å redusere utslepp gjennom godstrafikk.

Fylkesrådmannen tilrår at det under kap. 5. Utgreiing og metode blir tilført i teksten:

Planarbeidet til regional plan for klimaomstilling vil gå parallelt med Regional transport plan og Strategi for senterstruktur og tettstadsutforming. Det blir lagt opp til god kunnskapsutveksling og samarbeid på tvers.

NÆRINGS LIV OG TEKNOLOGI

Fylkesmannen: *Viktig at planen kan bidra til at det framover vert retta aukande merksemd mot korleis sektorar og aktørar i fylket i fellesskap kan utnytte klimaendringane på ein positiv måte. T.d. gjennom utvikling av ny teknologi, næringsverksemd og konkurransefortrinn. For å få til dette er det avgjerande å involvere både kommunar, regional stat, organisasjonar og næringslivet.*

HAFS Regionsråd: *Vil sterkt understreke verdien av at fylket deltek i bygging av verdikjeder som gjev redusert klimautslepp, gjennom tilrettelegging for innovasjon og "grøn" vekst i både etablerte og nye næringar.*

Kommentar og framlegg til endring/ar i planprogram:

Fylket er allereie i gang med eit prosjekt som ser på potensialet for hydrogen som energiberar, og korleis etablere verdikjeda i fylket. Dette er eit spanande prosjekt som vert leia av fylkeskommunen. Eitt av dei overordna måla i Regional planstrategi er at fylket skal bidra til bygging av verdikjeder som gir netto nullutslepp. Det vil under plantema Næringsliv og teknologi vere naturleg å inkludere verdikjeder som gir netto nullutslepp, innovasjon og grøn vekst. Ei klimaomstilling krev nye tankar, ny teknologi og næringar, i tillegg til ei omlegging og tilpassing av eksisterande næringar.

Fylkesrådmannen tilrår at det under 4.3.3 Næringsliv og teknologi blir tilført under utfordring: *Å legge til rette for å styrke og omstille det lokale næringslivet, så det grøne skiftet fører til vekst for verksemdene i fylket.*

og under korleis: *Analysere korleis ein best legg til rette for at sektorar og aktørar i fylket i fellesskap kan møte utfordringane og potensialet for regionen i møtet med klimautfordringane*

KLIMAVENLEG LANDBRUK

Stryn kommune: *Plantemaet burde ha ei meir ambisiøs målsetjing. Når det gjeld å finne den mest klimatilpassa måten å drive landbruk på Vestlandet (kva struktur som gjev minst klimautslepp).*

HAFS Regionsråd: *Peikar på verdiskapingspotensialet i å utnytte fiskeslam som gjødsel i landbruksproduksjon. Oppmodar fylkeskommunen å kontakte NIBIO Fureneset i det vidare arbeidet knytt til klimavenleg landbruk. Innovasjon og samarbeid mellom oppdrettsnæringar (lukka merdar) og landbruk, kan erstatte kunstgjødselproduksjon og import av protein til t.d. fiskefor. NIBIO forskar på dette.*

Det må vurderast å ta med eit plantema som vert kalla "Klimavenleg oppdrett". Skape effektive ressurskrinslaup mellom algeproduksjon og fiskeoppdrett som kan auke opptak og binding av CO2

Sogn og Fjordane 4H: *Meiner temaet bør vere breiare, der vi ser på alle naturbruksnæringane, som skog og fiske. Skog som viktig karbonfangar, medan fiske og havindustrien er næringar i stor vekst og må ta sitt ansvar for klima og miljø.*

Kommentar og framlegg til endring/ar i planprogram:

Landbruk er eit omfattande tema, og har visse kryssingspunkt med plantema 4.3.3 Næringsliv og teknologi. Det vil også vere kryssande interesser i høve løysingar for å redusere utslepp innan landbruket. Dette krev innovasjon og samarbeid, noko som vil vere spanande prosjekt å bidra inn mot. Fylkesrådmannen tek dette med seg vidare i arbeidet.

Stryn kommune etterlyser ei meir ambisiøs målsetjing. Arbeidet med regional plan for klimaomstilling vil ta utgangspunkt i internasjonale og nasjonale mål, noko som også set ambisiøse mål for landbruket. I arbeidet med klimaplanen vil det bli naudsynt å kombinere forventingane frå nasjonalt hald knytt til både klimagassutslepp og klimatilpassing. Det må jobbast fram nye løysingar til korleis ein driv landbruket, for å nå klimamåla, men samstundes er det naudsynt å ta vare på den matproduksjonen vi har i dag.

Fylkesrådmannen rår til at det ikkje vert gjort endringar i utfordringa i planprogrammet knytt til dette temaet, då ordlyden slik den er legg opp til at klimavenleg landbruk både skal redusere klimagassutsleppa og klimatilpasse landbruket. Det vert heller ikkje tilrådd å inkludere eit eige plantema for «klimavenleg oppdrett», då dette fell inn under 4.3.3. Næringsliv og teknologi. Det er derimot viktig å ta med seg denne type overlappende næringar som kan samarbeide om nye og innovative løysingar på tvers av fagfelta.

Fylkesrådmannen ser det ikkje som nødvendig å gjere endringar i høyringsutkastet på dette temaet.

KLIMATILPASSING

Ungdomspolitisk utval: *Det skal vere trygt å bu i SFJ. Rassikring av vegar bør vere høgt prioritert, særskilt skulevegar og pendlarruter. Inkl. å ta omsyn til klimatilpassing ved etablering av nye bustader, leikeplassar og infrastruktur.*

Kommentar og framlegg til endring/ar i planprogram:

Fylkesrådmannen ser det ikkje som nødvendig å gjere endringar i høyringsutkastet på dette temaet.

FORBRUK

Klima- og miljøfagklassen ved Firda VGS: *Det bør leggjast til rette for kjeldesortering i alle kommunane, både for privatpersonar og næringslivet.*

Sogn og Fjordane SV: *Under planprogrammet er nemnt punkt 4.3.6 Forbruk. Vi vil komme med framlegg om utviding av første kulepunkt under «Kva» til: «Gjere greie for forbruket og klimagassutsleppa i fylket, og tilhøyrande globale fotavtrykk.»*

Kommentar og framlegg til endring/ar i planprogram:

Planprogrammet skisserer at vi skal gjere greie for avfallshandteringa i dei ulike delane av fylket, og vi tek dette med oss i det vidare planarbeidet.

Sogn og Fjordane SV ynskjer at ein under forbruk skal gjere greie for klimagassutsleppa i fylket. Dette er ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget. I val av plantema blei det m.a. tatt utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget til Regional planstrategi, som viste klimagassutsleppa til fylket i 2013. I arbeidet med kunnskapsgrunnlaget vil tala bli oppdatert, noko som vil gi bakgrunnsteppe for alle dei skisserte plantema.

Fylkesrådmannen ser det ikkje som nødvendig å gjere endringar i høyringsutkastet på dette temaet.

KLIMAKUNNSKAP OG KLIMAKOMMUNIKASJON

Klima- og miljøklassen ved Firda VGS: *Oppmodar FK til å vidareføre klima- og miljøfaget til resten av skulane i fylket, slik at fleire ungdomar kan få betre kunnskap knytt til klimaendringane. Spreiing av klimakunnskap bør også skje til alle innbyggjarane, ikkje berre til elevar og lærarar. Gjerne gjennom samarbeid med næringslivet, der ein arrangerer kursdagar og liknande. Dermed kan ein delta gjennom jobben, ikkje avhengig av privat initiativ. Det viktigaste bør vere å spreie god informasjon, slik at vi får opplyste og miljøbevisste innbyggjarar.*

Sogn og Fjordane 4H: *Meiner at temaet forbruk og klimakunnskap og klimakommunikasjon er viktige områder, då desse i stor grad handlar om haldningar og handlingar. Vonar dei ideelle organisasjonane sitt arbeid med haldningsdanning og kunnskapsformidling om natur, miljø og klima blir vektlagt i planen.*

Ungdomspolitisk utval: *Meiner at det viktigaste er å spreie informasjon og kunnskap, særleg hjå dei yngre. Sette klima på dagsorden på eit tidleg tidspunkt, i barnehagar og skular. God ide å kople på andre organisasjonar som t.d. Ung Entreprenørskap og Firda VGS. Stimulere innbyggjarane til å tenkje klima og miljø i kvardagen. Eks gjennom kampanjar, tilskot og reduksjon av avgifter for husstandar som kan dokumentere oppnådde klimamål.*

Fylkeskommunen må vere aktive på sosiale medium for å nå ungdomen. Viktig å tilpasse språket til målgruppa, dette kan fylkeskommunen verte betre på.

Kommentar og framlegg til endring/ar i planprogram:

Klima- og miljøklassen har eit viktig poeng i at formidling av klimakunnskap er viktig for alle innbyggjarane i fylket. Fylkeskommunen må vere med å legge til rette for arenaer der denne kunnskapen blir formidla, enten det er gjennom kurs og konferansar eller via sosiale medium. Temaet klimakunnskap og klimakommunikasjon påverkar alle dei andre plantema. Di meir kunnskap ein har, di lettare er det å ta dei klimavenlege vala. Ein stor del av prosessen med klimaomstilling er samfunnsendring, frå individnivå til internasjonalt nivå. Det som gjer denne samfunnsendinga så kompleks er at alle må bidra for at vi skal kunne nå måla som m.a. er sett i Paris-avtalen. At vi kommuniserer og spreier kunnskap, og korleis vi gjer dette er med på å bidra i omstillingsprosessen. Fylkeskommunen må vere bevisst si rolle, og samarbeide med andre statlege og private aktørar for å sette klimautfordringane på dagsorden.

Fylkesrådmannen ser det ikkje som nødvendig å gjere endringar i høyringsutkastet på dette temaet.

MEDVERKNAD OG ORGANISERING

Fylkesmannen: *Hovudkriteriet for om vi lukkast med ein regional plan for klimaomstilling, er god forståing og forankring hjå kommunar, regionale aktørar, sentrale deler av næringslivet og viktige organisasjonar.*

Sogn og Fjordane 4H: *Saknar presisering på korleis FK vil engasjere ungdom i arbeidet, og legge til rette for dette undervegs i prosessen. Forslaget er å invitere seg inn der ungdom allereie møtes, framfor å arrangere egne konferansar eller liknande. Ev. invitere seg inn til dei vidaregåande skulane. Ev. delta på større arrangement i ungdomsorganisasjonane eller på festivalar og likande. Terkelsen for å bidra blir dermed låg.*

Kommentar og framlegg til endring/ar i planprogram:

Fylkesrådmannen tek med seg tilbakemeldingane vidare i arbeidet. Planprogrammet inneheld inga spesifikk skildring av korleis vi vil involvere dei ulike gruppene, heller ikkje ungdom. Dette var eit val som blei gjort. Av dei som har komme med høyringsuttaler vil det vere naturleg å kombinere aktivitetar for 4H, Ungdomspolitisk utval og klima- og miljøfagklassen ved Firda Vidaregåande skule. I tillegg har fylkeskommunen samarbeidsavtale med United World Collage i Flekke, så vi har fleire eksisterande arenaer å møte ungdommen på.

Fylkesrådmannen tilrår at det ikkje er naudsynt å gjere endringar i høyringsutkastet kring dette temaet.

NVE og Stiftinga Bergens Sjøfartsmuseum hadde ikkje særskilte merknader til høyringsutkastet.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at planprogrammet for Regional plan for klimaomstilling med følgjande endringar vert godkjent og lagt til grunn for det vidare arbeidet:

- Figur på side 9 i planprogrammet vert endra for å få eit breiare innhald i omgrepet klimaomstilling.
- Kap. 5. Utgreiing og metode vert utvida med:
 - *Planarbeidet til regional plan for klimaomstilling vil gå parallelt med regional transport plan og strategi for senterstruktur og tettstadsutforming. Det blir lagt opp til god kunnskapsutveksling og samarbeid på tvers.*
- Under kap. 4.3.3 Næringsliv og teknologi blir det tilført under *utfordring*:
 - *Å legge til rette for å styrke og omstille det lokale næringslivet, så det grønne skiftet fører til vekst for verksemdene i fylket.*
- Under kap. 4.3.3. Næringsliv og teknologi blir det tilført under *korleis*:
 - Analysere korleis ein best legger til rette for at sektorar og aktørar i fylket i felleskap kan møte utfordringane og potensialet for regionen i møtet med klimautfordringane?